STRYN KOMMUNE

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - 2017-2020

FORORD

Med bakgrunn i Kulturdepartementet (KD) sitt plankrav vedkommande tildeling av spelemidlar, er det no utarbeidd revidert forslag av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2013-2016. KD departementet opprettheld gjennom sin rettleiar «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (2007)», sitt breie fokus på at kommunedelplanane for dette feltet ikkje berre skal vere anleggsplanar, men at planen og skal ha fokus på samanhengen mellom helse, aktivitet og anlegg.

Planen omhandlar eit 4-årig handlingsprogram for anleggsutbygging, samt ein langsiktig del. Planen blir eit politisk og administrativt styringsreiskap i planperioden, som tek opp relevante problemstillingar innan idrett, friluftsliv og folkehelse. Kommunedelplanen er tematisk, det betyr at den er utan juridisk binding når det gjeld disponering av areal.

Gjennom planframlegget ønskjer Stryn kommune å medverke til ei vidareutvikling og tilrettelegging for aktivitet, utbygging av idrettsanlegg og areal for fysisk aktivitet i heile kommunen.

Kommunedelplanen skal medverke til eit godt samarbeid og dialog mellom innbyggjarane, organisasjonar og Stryn kommune.

Planen er utarbeidd i eit tverrfagleg samarbeid med ulike etatar i kommunen. Det har i tillegg vore eit samarbeid med representantar i frå Stryn idrettsråd (SIR), Stryn ungdomsråd, turlag og andre frivillige organisasjonar.

Plangruppa har vore slik samansett:

Myrtel Janne Thomassen	Kulturavdelinga / Barnerepresentant
Lisbeth Lervik	Plan- og næringsavdelinga
Kari Synnøve Muri	Helse- og sosialetat/Folkehelsekoordinator
Johan Berge	Skule- og kulturutvalet

Stryn 15.november 2012

1. INNLEIING

2. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

2.1. Sentrale føringar
2.2. Regionale føringar
2.3. Lokale føringar

3. HELSEFREMJANDE OG FØREBYGGANDE ARBEID
3.1. Fysisk aktivitet og helse
3.2. Barn og unge
3.3. Vaksne
3.4. Folkehelsearbeidet i Stryn kommune

4. RESULTATVURDERING AV PLAN FOR 2013-2016 – MED STATUSOVERSIKT
4.1. Oversikt over nye idrettsanlegg og rehabilitering av anlegg i perioden – Status
4.2. Oversikt over nye nærmiljøanlegg og friluftslivsanlegg i perioden – Status
4.3. Handlingsprogram for aktivitet – Status

5. IDRETT, FYSISK AKTIVITET, FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE – UTFORDRINGAR
5.1. Idrett
5.2. Fysisk aktivitet
5.3. Friluftsliv
5.4. Folkehelse

6. ANALYSE AV KORTSIKTIGE OG LANGSIKTIGE BEHOV FOR AKTIVITET, ANLEGG OG OMRÅDE
6.1. Folketalsutvikling
6.2. No-situasjonen
6.3. Kortsiktige behov for anlegg og område
6.4. Langsiktige behov for anlegg og område

7. ØKONOMI
7.1. Idretten sin økonomi og drift
7.2. Nærmiljø og friluftsliv
7.3. Offentleg bidrag til idrettsføremål
7.4. Kulturbygg

8. HANDLINGSPROGRAM FOR AKTIVITET I PERIODEN 2017 – 2020
8.1. Skule og barnehage
8.2. Idrett og fysisk aktivitet
8.3. Folkehelse
8.4. Friluftsliv

9. HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG 2017-2020
- Ordinære anlegg
- Nærmiljøanlegg
- Langsiktige behov for anlegg
- Kart over planlagde anlegg

VISJON

Alle som ønskjer, skal få vere i fysisk aktivitet!

Med det meiner vi:

Stryn kommune skal legge til rette for at aktivitetstilbod, anlegg og areal gir høve for alle som ønskjer å vere i fysisk aktivitet.

MÅL

Innbyggjarar og tilreisande får gode opplevingar, god helse og livskvalitet gjennom tilrettelegging av idretts- og friluftstilbod.

Med dette meiner vi:

Det er høve for gode idretts- friluftslivs- og naturopplevingar i kommunen. Stimulere Stryn kommune sine innbyggjarar til auka deltaking, glede og meistring i idrett og friluftsliv. Betre rammevilkår for idrett og friluftsliv som kan gi auka folkehelse. Trygg ferdsle i form av fleire gang- og sykkelvegar.

MÅLGRUPPE

Alle – med spesiell fokus på barn og unge i alderen 6-19 år

1. INNLEIING

Kulturdepartementet har plankrav for søknadsrett til spelemidlar. Ein slik plan skal sikre:

- Sterkare kommunal styring av anleggsutbygginga
- Tydeleg kommunal prioritering
- At anlegg vert sett i eit større perspektiv

KD presiserer at finansiering og bygging av idrettsanlegg primært er eit kommunalt/privat ansvar, og at det statlege tilskotet berre er ei toppfinansiering.

Gjeldande kommunedelplan blei vedteken i 2008, og er nå under revisjon. Visjon, mål og målgruppe er om lag lik frå førre planperiode, med ei forsterka satsing på folkehelse, slik dei nasjonale føringane legg opp til.

Stryn skal vere ei attraktiv og framtidsretta kommune som fremjar helse, trivsel og gode levekår. Verdien av idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er godt dokumentert som gode verkemiddel i helsefremjande og førebyggjande arbeid.

Det er stor skilnad i aktivitetsnivået i befolkninga. Det er difor viktig at det offentlege møter denne utfordringa, og legg til rette for fysisk aktivitet i alle delar av befolkninga.

Utbygging av idrettsanlegg har gjennom fleire år blitt utvida til og å gjelde nye anleggstypar og nye målgrupper. Det har såleis over tid vorte behov for betre styring av bruken av spelemidlane. Dette ut frå generelle, samfunnsmessige, anleggspolitiske og idrettspolitiske målsetjingar.

Utnytting av areal, fokus på god økonomi og drift som gir sambruk og fleirbruk er viktig. Dette er og gunstig i høve til investering og drift. Anlegg som kan nyttast av både barnehagar, skular og idrett bør utviklast. Ein bør og ta omsyn til friluftslivet sine mulegheiter/behov i samband med utbyggingsområde i kommunen.

Tiltak som har vore med i handlingsprogrammet i førre planperiode (2007/2009-2012) er stort sett gjennomført. I tillegg har nokre anlegg frå uprioritert liste blitt «henta opp» ved årleg rullering i perioden.

Føremål med planen

- Kommunedelplanen skal vere med på å stimulere til allsidig idretts- og friluftsliv i kommunen
- setje fokus på kommunen sitt ansvar for funksjonell areal- og anleggsutnytting
- styre utbygging av anlegg til idrett og friluftsliv
- syne område som skal sikrast gjennom kommunedelplanen sin arealdel
- vere grunnlag og dokumentasjon for søknader om spelemidlar til idrett, nærmiljø- og friluftslivsanlegg
- samordne idrett, friluftsliv, skule og barnehage
- setje fokus på aktuelle problemstillingar innan feltet
- finne mulegheiter for finansiering
- best muleg legge til rette for drift og vedlikehald

Planen skal gje kommunen, fylkeskommunen og KD ein reell oversikt over anleggsbehovet, bidra til å sikre ein behovsretta anleggsutvikling i kommunen og såleis sikre eit godt grunnlag for prioritering av spelemidlane.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse skal i tillegg til handlingsprogram for anlegg, ha eit handlingsprogram for aktivitet som ein del av planen.

Heimel og virkeområde
Heimel for utarbeiding av kommunedelplan er nedfelt i plan- og bygningslova § 11. Lova legg mellom anna råmer for korleis planarbeidet skal gjennomførast.

Oppfølging av planen
Planen vert eit styringsreiskap for politikarar og administrasjonen i sitt arbeid og oppfølging innafor feltet idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse er *tematisk,* dvs. at planen er utan juridisk binding/heimel når det gjeld disponering av areal. Det er difor viktig at anlegg som kjem inn i handlingsprogrammet vert fanga opp i kommuneplanen sin arealdel og/vert sikra gjennom reguleringsplanar.

Plandokumentet skal reviderast etter Plan- og bygningslova (PBL) minst kvart 4.år. Planen sitt 4-årige prioriterte handlingsprogram, skal rullerast kvart år.

2. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

2.1. SENTRALE FØRINGAR

Staten sin politikk på dette feltet er nedfelt gjennom tre departement:

- Kulturdepartementet (KD) har ansvar for politikkutforming for idrettsområde
- Miljødepartementet har ansvar for politikkutforming for friluftsliv
- Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for staten sin politikk knytt til helsefremjande og førebyggande arbeid

Mål og rammar for den statlege politikken vert formidla gjennom ulike meldingar, retningsliner, rundskriv, føresegner om tilskot osb. I høve dette plandokumentet har desse meldingane særleg relevans:

Stortingsmelding nr.14 (1999-2000) – **Idrettslivet i endring**

- Barn og unge er primære målgrupper for det statlege engasjementet innan idrett
- Mål om å legge til rette for at alle målgrupper kan delta i den regelmessige fysiske aktivteten, tilpassa deira nivå og føresetnader
- Anlegg som harmonerer med aktivitetsprofilen til barn og ungdom (6-19 år) vert prioritert

Stortingsmelding nr. 26 (2011-2012) – **Den norske idrettsmodellen**
Sentrale målgrupper:

- Barn og unge
- Personar med nedsett funksjonsevne
- Inaktive

Stortingsmelding nr.39 (2006-2007) – **Frivillighet for alle**

- Tilskot til utbygging og rehabilitering av anlegg er eit viktig verkemiddel for å nå målet om idrett og fysisk aktivitet til alle

Stortingsmelding nr.39 (2000-2001) – **Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet**

- Målsetting om å fremje det enkle, daglege friluftslivet for alle, i harmoni med naturen
- Allemannsretten, retten til fri ferdsel, opphald og aktivitet i utmark som fundament for friluftslivet
- Styrke arbeidet med motivasjon og stimulere til friluftsliv for barn, unge og barnefamiliar

Stortingsmelding nr.16 (2002-2003) – **Resept for eit sunnare Norge – Folkehelsepolitikk**

- Skape gode føresetnader for å kunne ta ansvar for eigen helse

LOV 2011-06-24 nr 29 – **Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)**

- Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemidla kommunen er tillagt, ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Saman for fysisk aktivitet – **Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009**

- Nasjonal mobilisering for betre folkehelse gjennom auka fysisk aktivitet
- Lavterskeltilbod og gode muleheiter for fysisk aktivitet på fritida og på arbeidsplass, skule og barnehage

Stortingsmelding nr. 47 (2008-2009) - «**Samhandlingsreformen»**

- Opparbeide relevant kunnskap om effekt av førebyggingstiltak
- Førebyggande helsearbeid skal styrkast
- Betre oversikt over helseutfordringar lokalt

Universell utforming

Det er i dag meir fokus på å auke tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne, mellom anna i plan- og bygningslova. Universell utforming tilseier at produkt, byggverk og uteområde til allment bruk, skal utformast på ein slik måte at alle menneske skal kunne nytte dei på ein likestilt måte, så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel. Idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, turvegar og stiar må såleis utformast slik at alle kan delta på lik linje, og informasjonsmateriell skal kunne oppfattast av alle uavhengig av funksjonsevne.

Rikspolitiske retningslinjer (RPR)

RPR handlar om å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga, m.a. for å sikre at barn får eit oppvekstmiljø som gir tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader. Kunnskap om kva som er kvalitet i høve barn sine behov endrar seg over tid. Dette set krav til kommunen sin planlegging, ikkje minst i høve til gode oppvekstmiljø og sjå til at barn sine interesser ikkje kjem i konflikt med andre omsyn og interesser.

2.2. REGIONALE FØRINGAR

Kulturdepartementet (KD) har plankrav for søknadsrett til spelemidlar. Kvar kommune utarbeider eigne kommunale planar. Kvar fylkeskommune utarbeidar overordna plan for bygging av store idrettsanlegg i fylket. Døme på det kan vere kunstgrasbaner, alle typar hallar, utandørs skytebaner osb. Vedteken fylkesdelplan gjeld idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.

Med *idrett* meiner ein aktivitet i form av konkurranse eller trening i den organiserte idretten. *Friluftsliv* er opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida og med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. KD har valt å la friluftsliv inngå i omgrepet fysisk aktivitet. I *fysisk aktivitet* legg vi eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet, inkludert friluftsliv og leik. *Folkehelse* er ikkje omtala i planen med spesifikke handlingar eller strategiar, men som viktige perspektiv og grunngjevingar for dei prioriteringane som skal skje i høve dei andre områda.

Nokre utfordringar innanfor idretten:

- Rekruttering av leiarar, trenarar og domarar
- Økonomi / drift av idrettslag som går utover aktivitetsarbeid
- Legge betre til rette for uorganisert aktivitet
- Etterslep på tildeling av spelemidlar til fylket
- Betre tilgjenge for alle brukargrupper – Samhandlingsreforma

Nokre utfordringar innanfor friluftsliv:

- Eit variert friluftsliv
- Allemannsretten
- Interkommunalt samarbeid – friluftsråd

Nokre utfordringar innanfor fysisk aktivitet:

- Betre samspel mellom offentleg, privat og frivillig verksemd for å få til ei helsefremjande utvikling lokalt
- I kommunal planlegging og utforming – sikre gang- og sykkelvegar og turstiar
- Aktivisere inaktive personar og utsette grupper
- Skape spennande aktivitetar for barn og unge
- Betre rammevilkår for idrettslag, t.d. ved å gi gratis bruk av anlegg som har motteke spelemidlar til born og unge under 19 år.

2.3. LOKALE FØRINGAR

Kommuneplan 2006-2017

Gjeldande kommuneplan for Stryn kommune blei vedteken i 2006. Den omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen består av eit hovudkart, samt 14 delplanar som viser arealbruken med større detaljar. Arealdelen er juridisk bindande for arealbruken i kommunen.

Samfunnsdelen

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er underordna kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er difor viktig at desse samordnast, slik at vedtekne visjonar, mål og strategiar i kommuneplanarbeidet blir atterspegla i kommunedelplanen.

I gjeldande kommuneplan er det lista opp ein del prioriterte innsatsområde. Kommunen ønskjer å prioritere følgjande oppgåver innanfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv:

- Stegvis utvikling av gang- og sykkelvegnettet.
- Tryggare skulevegar – Jfr.Traffikktryggleiksplan
- I samarbeid med nabokommunane få til samanhengande sykkelruter frå Oppstryn og til Bryggja og Hornindal.
- Arbeide for avklaring av areal for golfbane.
- Gjere sentrale friluftsområde meir tilgjengelege for ålmenn bruk gjennom å sikre ålmenne interesser i planlegging og gjere avtale med grunneigar om bruk (døme: Dispaholmen badeområde og Strynemil-traséen).
- Yte tilskot til sti- og løypepreparering.
- Ivareta viktige friluftsområde i strandsona for rekreasjon og fritidsaktivitetar.
- Bygge utandørs symjebasseng i Stryn sentrum.
- Satse på vidare utbygging og rehabilitering av skular, barnehagar, kulturbygg og anlegg for idrett og friluftsliv.
- Utvikle gode tiltak som sikrar fysisk aktivitet og helse.
- Styrke folkehelsa.

Nokre av desse oppgåvene er prioritert av statleg mynde i form av lovar og føresegner og/eller øyremerkte midlar, nokre er oppgåver som kommunen ønskjer skal prioriterast, men der

kommunen sjølv ikkje rår over midlane eller har mynde til å utføre innsatsen, og nokre er oppgåver kommunen både vil og kan prioritere.

Der kommunen er ein aktør må oppgåvene følgjast opp med tiltak i samfunnsdelen sitt handlingsprogram og vidare innarbeidast i økonomiplanen. Dette er berre delvis gjennomført i dag.

Arealdelen
Kommunedelplanen er ein tematisk kommunedelplan, og er ikkje juridisk bindande når det gjeld disponering av areal. Arealbehov for anlegg og område for idrett, fysisk aktivitet og/eller friluftsliv som dokumenterast her, må difor innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel.

Å sikre hensiktsmessig og tilstrekkelige areal er ein viktig føresetnad for å oppretthalde eit levande idretts- og friluftsliv. Ein kan mellom anna leggje inn omsynssoner for viktige friluftsområde, slik at dette omsynet blir ivareteken i planlegginga. Det er òg viktig at ein i arbeidet med reguleringsplanar for bustadområde set av føremålstenlege areal til friområde/nærmiljøtiltak.

Trafikktryggleiksplanen
At barn og unge kan gå og sykle til skulen og fritidsaktivitetar er viktig. Tiltak som bidreg til dette er omfatta av trafikktryggleiksplanen, som er vedteken i 2009, der det skal setjast mest fokus på mjuke trafikantar og nærleiken til skule. Det står vidare at område som treng særskild fokus er mellom anna skuleområde, sykkelparkering, gang-/sykkelvegar, fortau eller sti til skulen.

Det er Statens vegvesen sitt ansvar å bygge gang- og sykkelvegar langs riksvegar. Planen omfattar mellom anna ei liste med prioriteringar over nye gang- og sykkelvegar, som ein meiner bør byggjast i kommunen. Folkehelserådet peikar spesielt på kor viktig det er å bygge fleire gang- og sykkelvegar i kommunen for å legge til rette for kvardagsaktivitet i trygge omgjevnader.

Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket
Det er av stor verdi å kunne nytte natur og kulturlandskap til friluftsliv og rekreasjon. Dessverre gror mange stiar i skog og utmark att på grunn av mindre bruk av folk og beitedyr. I gjeldande tiltaksstrategi for 2009-2012 står det at ein kan nytte SMIL-midlar til å rydde desse og leggje til rette for ferdsel.

3. HELSEFREMJANDE OG FØREBYGGANDE ARBEID

3.1. Fysisk aktivitet og helse

Statistisk sentralbyrå sin levekårundersøking frå 2001 viser at det er stor stabilitet i aktivitetsmønsteret innafor friluftslivet, men at det og er teikn som tyder på endring. Naturen i Stryn kommune innbyr til eit variert og aktivt friluftsliv for den som ønskjer det, likevel har vi utfordringar som gjeld tilrettelegging for bruk og aktivitet.

Fysisk aktivitet er eit omgrep som omhandlar leik, friluftsliv, idrett, mosjon, trening, kroppsøving og fysisk arbeid. Alle aktivitetar der du er i rørsle i kvardagen og brukar kroppen, er fysisk aktivitet. Dagleg fysisk aktivitet er viktig for barn, unge, vaksne og eldre. Det finst god vitskapleg dokumentasjon for at jamleg fysisk aktivitet gir helseeffekt.

Helsedirektoratet har utarbeidd tilråding for fysisk aktivitet for ulike grupper:
Barn/unge – variert aktivitet i minst allsidig moderat 60 minutt per dag
Vaksne/eldre – moderat fysisk aktivitet i minst 30 minutt per dag

For å oppnå auka fysisk aktivitet i befolkninga har helsedirektoratet utarbeidd ei liste med ulike tiltak, mellom anna innan følgjande område:

- Aktiv fritid
- Aktiv kvardag
- Aktivt nærmiljø

3.2. Barn og unge

Barn og unge er ei viktig målgruppe. Å legge til rette for kvardagsaktivitet og friluftsliv gjennom turaktivitetar og tilgang til turområdet i nærmiljøet, er viktige tiltak for å engasjere barn og unge til å bruke naturen. Det er mykje som tyder på at barn i dag ikkje beveger seg eller blir stimulert og utfordra nok i kvardags aktivitetar. Dette får konsekvens for det enkelte barn sin motoriske, sosiale og psykiske utvikling, samt livskvalitet. Ved tidleg tilrettelegging og stimulering til aktivitet, kan barn oppleve at fysisk aktivitet er moro og gir gode vaner for ein sunn livsstil.

Barnehagar og skular er viktige arena for læring og oppleving av natur og fysisk aktivitet. For å auke aktivitetsnivået for barn og unge, er det nødvendig at Stryn kommune:

- Legg til rette for gode utforma uteareal i barnehagar og grunnskular
- Fleire gang- og sykkelvegar
- Auke kompetansen knytt til fysisk aktivitet
- Auka fysisk aktivitet i skulen dagleg
- Ungdom er med i planlegginga av nye og rehabilitering av gamle anlegg
- Prioriterer nærmiljøanlegg i tilknyting til skular, barnehagar, bustadfelt og idrettsanlegg
- Vidarefører trivselsprosjekt på skulane

3.3. Vaksne

Det finst ikkje ei fullstendig oversikt over vaksne sitt totale aktivitetsnivå. Når det gjeld fritidsaktivitetar så viser tal frå Norsk Monitor at treningsiveren i befolkninga i alderen 16-79 år har vore relativ stabil på 1990-talet. Tal frå 2001 viser at 67 % trenar kvar veke, medan 11 % ikkje trenar i det heile. Ein kan gå ut frå at tala og kan stemme for Stryn sin del.

3.4. Folkehelsearbeidet i Stryn kommune

Stryn kommune inngjekk i 2006 ein avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune om «Partnarskap for folkehelse». Folkehelse kan definerast som «befolkninga sin helsetilstand, og korleis helsa fordelar seg i befolkninga». Folkehelsearbeid er «samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som vernar mot helsetruslar, samt arbeider for jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa».

Den nye Folkehelselova seier tydeleg kva som er kommunen sitt ansvar, der står det i § 4: «*Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen*.»

Kommunen har folkehelsekoordinator i 40 % stilling og eit folkehelseråd på 5 personar som representerer kommunal og frivillig sektor.

Folkehelsekoordinator sitt ansvar er å ha oversikt over folkehelseretta ressursar og tiltak innan offentleg og frivillig sektor, identifisere særskilde utfordringar og kartlegge behov for omprioritering og nye tiltak, stimulere arbeidet som er i gang og initiere nye tiltak.

Fysisk aktivitet er eitt av tre satsingsområde for kommunen sitt folkehelsearbeid, dei andre er kosthald/ernæring og ulukkeførebygging. Barn og unge er prioriterte målgrupper. Idrettslag og andre frivillege organisasjonar som driv helsefremjande aktivitet, er viktige aktørar i folkehelsearbeidet. Idrett, friluftsliv og anna fysisk aktivitet er sentrale faktorar for styrking av folkehelsa.

Folkehelserådet utarbeider ein årleg tiltaksplan for arbeidet innan dei tre satsingsområda.

4. RESULTATVURDERING AV PLAN FOR 2013-2016 – MED STATUSOVERSIKT

Oppfølging av planen har vore god, og er eit godt styringsreiskap for utbygging av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i kommunen. Likevel ser ein at anlegg som vert bygt ut må vente lenge på tildelte spelemidlar, noko som gjer at idrettslag/kommune får ei ekstra økonomisk belastning før spelemidlane vert utbetalt. Enkelte anlegg i handlingsprogrammet vert ikkje realisert pga av problem med finansiering, eller at bruken av arealet ikkje er avklart.

Dei fleste anlegg som vert bygt ut i Stryn kommune, vert gjennomført utan kommunalt tilskot. Dette medfører at idrettslaga i kommunen både driftar aktivitetane i laget og har ansvar for utbygging og drift for idrettsanlegga som vert bygt ut.

Det er ønskje om å få til ei satsing på sambruksløysingar mellom skule og idrett når ein i framtida skal planlegge offentlege areal til slike føremål. Sambruksgevinsten er stor, både når det gjeld utnytting av areal og økonomi. Slike anlegg skapar og samhald i nærmiljøet.

4.1. Oversikt over nye ordinære idrettsanlegg og rehabilitering av anlegg som har fått tildelt spelemidlar i perioden 2013-2016 - Status

År	Stad	Anlegg	Merknad
2013	Stryn stadion	1449 0001 11 – Fleirbruksanlegg friidrett	Ferdig
2014	Olden	1449 0031 06 – Fleirbruksanlegg friidrett	Ferdig
2015	Stryn stadion	1449 0001 10 – Kunstgrasbane	Ferdig
2015	Stryn symjehall	1449 0008 01 – Garderobar (reha)	Ferdig
2015	Ullsheim	1449 0011 01 – Lysløype (utskifting av PCB armatur)	Planlagt
2015	Nordfjord fritidssenter	1449 0053 17 – Lysløype (utskifting av PCB armatur)	Ferdig
2016	Ullsheim	1449 0011 15 – Lys	Planlagt
2016	Ullsheim	1449 0011 16 – Lys	Planlagt
2016	Ullsheim	1449 0011 17 - Lys	Planlagt
2016	Nordfjord fritidssenter	1449 0053 17 - Lys	Ferdig
2016	Ålandsleite	1449 0015 06 – Skiskyttaranlegg	Planlagt

4.2. Oversikt over nye nærmiljøanlegg og friluftslivsanlegg som har fått tildelt spelemidlar i perioden 2013-2016 – Status

År	Stad	Anlegg	Merknad
2014	Tonning skule	1449 0068 03 – Nærmiljøanlegg	Ferdig
2015	Kulturhusparken	1449 0009 02 - Klatrepark	Ferdig
2015	Oppstryn skule	1449 0032 04 – Klatrepark	Ferdig
2016	Stryn sentrum	1449 0029 02 – O-kart	Ferdig

.

4.3. Handlingsprogram for aktivitet – Status

Status på handlingsprogram for aktivitet syner at det meste er følgd opp i perioden. I tillegg til kommunale aktivitetar, er det ein stor innsats frå lag/organisasjonar og Stryn frivilligsentral

Tiltak	Ansvar	Gjennomført / merknad
Nattopen Idrettshall/Drop In/Nye akt.tilbod for unge	Telegrafen/Stryn ungdomsråd/Stryn kommune	Gjennomført
Samarbeid mellom folkehelsekoordinator og lag/organisasjonar	Stryn kommune/lag og organisasjonar	Fortløpande
Nytt varmtvassbasseng	Stryn kommune næringsliv/lag/org	Ikkje gjennomført
Betre marknadsføring av akt. Tilbod i kommunen	Stryn kommune/ Strynehallen/ Treningssenter	Fortløpande
Informasjon/hjelp vedk. tilskotsordningar	Stryn kommune	Fortløpande
Treningstilbod gjennom arbeidsplassen	Arbeidsgjevar	Nokre bedrifter har tilbod til sine tilsette, andre veit vi ikkje. Burde vore gjennomført ei kartlegging.
Auka fysisk aktivitet på skulane – Nytt tiltak frå 2009	Skulane	5.-7.årstrinn dagleg fysisk aktivitet i tillegg til kropps-øvingsfaget. Vert vidareført.
Fysisk aktivitet - tilbod i DKS	Skulane	Fortløpande
Triveselstiltak og vinteraktivitet på Ullsheim	Skulane	Er starta opp og vert vidareført
Fokus på estetikk, form og miljø	Aktuelle utbyggjarar / Stryn	Fortløpande

i samband med utbygging og tilrettelegging for fysisk aktivitet	kommune	
Aktiv på dagtid	Stryn kommune	Ja – vert vidareført
Informasjon / hjelp vedk. utbygging av nærmiljøanlegg/turstiar	Stryn kommune	Ja – vert vidareført
Vidare utbygging av HC løype	Nordfjord fritidssenter	Ikkje gjennomført
Skilting av turvegar/stiar	Reisemål Stryn og Nordfjord Gjensidigestiftelsen har finansiert arbeidet	Gjennomført
Estetikk, form og miljø ved utbygging/tilrettelegging for fysisk aktivitet	Stryn kommune / lag/ organisasjonar/ private	Fortløpande
Fleire gang- og sykkelvegar	Stryn kommune/Stat	Fortløpande
Utbetring av tursti – Omsorgsenteret/Løkens plass	KFUK-KFUM speidarane	Ikkje med i planen – Gjennomført
Utvide kulturskuletilbodet i dans	Stryn kommune	Delvis – Lærar med kompetanse i dans har vore avgjerande om kulturskulen kan tilby dette. Små stillingar.
Seniordans		Er i gang både i Loen og Vikane + Tysdagssvetten i Skogstjerna
Bocciatrening	Idrettslag/NFU og Frivilligsentralen	Gjennomført
Etablering av danseverkstad	Stryn kommune/ungdomsskontakt	Starta opp, men lagt ned på grunn av lita interesse
Tiltak retta mot innvandrarar	Røde kors /Frivilligsentralen/Indre Nordfjord turlag. Vaksenopplæringa i skuletida	Ulike tiltak er i gang

5. IDRETT, FYSISK AKTIVITET, FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE – UTFORDRINGAR

5.1. Idrett

Nærmiljøanlegg

I kultur- og kyrkjedepartementet sin rettleiar for idrett og friluftsliv, vert nærmiljøanlegg teke fram som prioriterte tiltak som femnar om ei viktig målgruppe; barn og unge mellom 6-19 år. I Stryn kommune er nærmiljøanlegg/ballbingar/aktivitetsanlegg bygd i tilknyting til skular/barnehage/idrettsanlegg og bustadfelt. Målet med nærmiljøanlegg er auka fysisk aktivitet, leik og sosialt samvær. Det er fokus på fleirbruk. Ved framtidig utbygging av nærmiljøanlegg bør vi vurdere nokre større anlegg i kommunen som vert ei samling av to eller tre nærmiljøanlegg på same stad, så kalla *nærmiljøparkar.*

Idrettsanlegg

Idrettslaga i Stryn kommune etablerer og byggjer små og store idrettsanlegg/nærmiljøanlegg årleg. Likevel ser vi at bygging av anlegg ikkje vert sett i gang sjølv om behovet er stort, pga av økonomi. Tilskot frå spelemiddeloverskotet er ein viktig del av finansieringa, og per i dag kan det gå mange år frå bygging av anlegg til utbetaling av godkjend søknadssum. På grunn av trong økonomi er ikkje Stryn kommune ein naturleg del av finansieringsplanen til private anlegg som vert bygt ut. Likevel er kommunen med i finansiering av nokre større anlegg ved at kommunen betalar lån og avdrag. Kommunen er og pålagd å gi garanti for større anlegg som vert bygd ut.

Det er behov for auka hallkapasitet. Det er gjort fredingsvedtak på Tingvolleigedomen og delar av området rundt. Ved ei ev utbygging av Strynehallen må ein sjå på ulike alternativ som ikkje kjem i konflikt med fredingsvedtaket.

Symjehallen var bygt i 1973 og renovert i 2001. Anlegget er mykje i bruk og er eit svært populært aktivitetstilbod for barn, unge og familiar. Symjehallen har behov for rehabilitering av garderobar. Det er behov for fleire badetilbod i kommunen. Bygging av varmtvassbasseng og utandørs symjebasseng har vore med i idrettsplanen i fleire periodar, utan å bli prioritert. Det er eit sterkt ønskje og behov for eit nytt varmtvassbasseng i kommunen. Mange grupper vil nyte godt av eit slikt basseng, m.a til førebygging og rehabilitering av skader og som eit lavterskeltilbod for dei som ikkje kjem med i dei ordinære treningstilboda.

Interkommunalt samarbeid

Nokre kostnadskrevjande anleggstypar har ikkje nok brukargrunnlag i ein kommune åleine og kan med fordel etablerast som eit interkommunalt samarbeid. Fylkesdelplanen peikar på at interkommunalt samarbeid om store, kostnadskrevjande idrettsanlegg i fylket er nødvendig og at eit slikt samarbeid må regulerast gjennom kommunale planar. Breimsbygda skisenter ligg i Gloppen kommune. Stryn kommune er medeigar i anlegget, men er ikkje inne med faste

driftsmidlar i senteret. Per i dag har ikkje Stryn kommune inngått samarbeid med andre kommunar.

Idrett på høgt nivå
Idrett er ein del av kulturomgrepet, og har stor verdi både for innbyggjarane si oppleving som tilskodarar, og som utøvarar. Toppidrettsutøvarar som har lokal tilhøyring bidreg til å motivere yngre barn og unge, samt auke interessa for idrett generelt. Gode idrettslag og enkeltutøvarar er med på å setje Stryn «på kartet». Det same gjeld når Stryn er arrangør for større idrettsarrangement. Slike opplevingar er positive og er med på å utvikle Stryn som idrettskommune. Det er difor viktig at nokre større anlegg i kommunen vert utvikla og prioritert utbygt, slik at vi har dei arena vi treng for avvikling av større meisterskap innan t.d. skiskyting.

Universell utforming
Det er ein grunnleggande demokratisk rett at alle skal kunne delta på lik linje i samfunnet, både i skule, arbeidsliv og fritid. Ein sentral måte å hindre diskriminering av personar med nedsett funksjonsevne på, er å syte for at omgjevnadene, produkt, informasjon, nettsider og tenester er utforma slik at dei kan brukast av alle.
Universell utforming går ikkje berre på fysisk tilgjenge i anlegg, men og på tilgang til utstyr og personell med kunnskap og kompetanse til å assistere og drive instruksjon. Diskriminering- og tilgjengelova frå 1.1.2009, pliktar offentleg verksemd å sikre generell tilrettelegging gjennom universell utforming av verksemda si. Ein må også imøtekome plan- og bygningslova sine krav til universell utforming.

Støy og forureining
Enkelte idrettsanlegg generer dessverre støy for nærliggande område. Døme på dette er: skytebaner, motorcrossanlegg og ballbingar. Nye anlegg må vurderast særskilt opp mot den støyforureininga dei kan medføre. Det gjeld og kunstig lys på idrettsanlegg, friluftsområde og turløyper.

Estetikk og miljø
Det er eit mål at tilrettelegging av den fysiske aktiviteten skal gje minst muleg energibruk og utslepp av klimagassar. Vidare skal ein og ta omsyn til natur- og kulturlandskapet. Utvikling og drift av anlegg for idrett og friluftsliv kan vere ei utfordring i høve til miljø og estetikk. Det er difor viktig at det vert lagt vekt på dette i planlegging og bygging av anlegg. I søknad om førehandsgodkjenning av planar, skal det dokumenterast at omsynet til estetikk og miljø er ivareteke. Ved bygging av større idrettsanlegg bør det ligge føre eit miljøoppfølgingsprogram.

5.2. Fysisk aktivitet

Oppmoding til, og ønskje om auka fysisk aktivitet i befolkninga, stiller krav om at det offentlege legg til rette det fysiske miljøet, slik at det kan nyttast av alle. Ein må rette fokus mot bu- og nærmiljø som har ein tilpassa infrastruktur som inkluderer uteareal, nærmiljøanlegg, turstiar, grøntareal, gang- og sykkelvegar og idrettsanlegg. Dette er gode investeringar som innbyr til fysisk aktivitet, trivsel og sosialt samvær til glede for alle aldersgrupper.

Barn og unge
Barn og unge er hovudmålgruppa for kommunen si satsing på fysisk aktivitet.
Barnehagar, skular, helse/sosial og kultur/fritid har eit særskilt ansvar for å sluse dei som treng det inn i tilrettelagde tilbod. Mykje av idrettslaga sin aktivitet er retta mot barn og unge, og svært mange deltek her. Det er viktig at idrettslaga sine tilbod inkluderer barn og unge med nedsett funksjonsevne.

I dag føregår barn og unge sin fysiske aktivitet i større grad i organiserte formar. Det er ei utfordring at slik aktivitet fangar opp samtlege. Ulikskap i aktivitetsnivået er større enn før, og særleg gjeld dette barn frå ungdomsskulealder og oppover. Haldningsskapande arbeid, samt å legge til rette for at barn og unge kan vere i fysisk aktivitet, er viktigare enn nokon gang. Det å kunne gå eller sykle på ein trygg og rask skuleveg stimulerer til kvardagsaktivitet. Tilgang til areal og arenaer som innbyr til leik og aktivitet må prioriterast.

Friluftsliv og spenningsaktivitetar som appellerer til unge, er viktige tilbod for å få fleire barn og unge i aktivitet. I «Lov om barnehagar» står det m.a. at barna skal ha mulegheit for varierte aktivitetar i nær tilknyting til barnehagen sin lokale. I naturen må barna ta i bruk sine eigne ferdigheiter og vurderingar, m.a. for å kome til toppen av eit tre. Aktivitetstilbod som legg til rette for leik og forsking i naturen, vil vere med på å utvikle positive haldningar til miljøvern, til god helse og til auka livskvalitet. Det bør difor avsetjast nok friareal- skogholt og løkker som kan stimulere til dette.

Uteområde på skulane bør vere prega av at dei vert mykje brukt, og at dei er ein del av læringsarbeidet. Uteområde er ein viktig arena for undervisning, leik og ulike aktivitetar.

Skuleplassen skal vere ein stad for leik, samvær, opphald og ulike trim- og treningsaktivitetar for alle aldersgrupper i nærmiljøet. Anlegget skal vere ope for alle, til alle tider. Det er ein fordel om anlegget grensar til eit friområde.

Vaksne
Helsedirektoratet tilrår at vaksne bør vere i fysisk aktive i minimum 30 minutt kvar dag. Likevel syner forskinga at svært mange i befolkninga ligg under tilrådinga for aktivitet og at mange er inaktive. Det viser seg at tilrettelegging og tilgang av anlegg og fysiske omgjevnader stimulerer til regelmessig og varig fysisk aktivitet. Fleire aktørar gjer eit større mangfald av tilbod innan ulike aktivitetar.

Seniorar
Tal eldre vil auke i åra framover. Det vil vere behov for eit breitt og differensiert tilbod. Det er viktig at kommunen imøtekjem behovet ved å prioritere førebyggande tiltak. Organiserte tilbod med fysisk aktivitet innafor ei sosial ramme, bør styrkast og utvidast.

Lavterskeltilbod
Lavterskeltilbod er viktig for at flest mogleg er i regelmessig fysisk aktivitet. Undersøking som er gjort av helsedirektoratet viser at fleire vil kome i gang med trening dersom:

- dei kan vere fysisk aktive i lag med familie og vener
- dei kan trene på treningssenter på eiga hand
- reisetida er kort – tilbod om trening/fysisk aktivitet er nær der folk bur
- sykkelveg og trimløyper er tilgjengelege
- gratis trening for barn og unge i kommunale idrettsanlegg

- nærmiljøanlegg i tilknyting til skular, barnehagar, idrettsanlegg og i bustadfelt
- eigne tiltak for seniorar

Utfordringar

- Ungdom som sluttar å vere fysisk aktive i ung alder
- Utvikle lavterskeltilbod for barn, ungdom, vaksne og eldre
- Auke aktivitetsnivået generelt i befolkninga
- Vektauke blant barn, unge og vaksne

5.3. Friluftsliv

Definisjonen på friluftsliv er, jf. St.meld. nr. 39 (2000-2001): *Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse*.

Naturen i Stryn kommune innbyr til eit variert og aktivt friluftsliv. Tilgang til friluftsliv gjer at folk i alle aldersgrupper enkelt kan ta seg ut på eiga hand. Det er viktig med skilting og god informasjon både for fastbuande og tilreisande for å gjere tilboda tilgjengeleg.

Skulane og barnehagane er aktive brukarar av friluftsområder. Gjennom oppføring av lavvo og gapahuk vil friluftsområder bli brukt i all slags ver. På denne måten byggjer ein relasjonar til eit aktivt friluftsliv.

Kommunen har ei viktig oppgåve i å leggje til rette for bruk og aktivitet. I Stryn er det er mange aktørar som bidreg til aktivitet innafor feltet friluftsliv, vi nemner nokre:

- Indre Nordfjord Turlag
- Barnas Turlag
- Stryn og Hornindal Jeger- og sportsfiskarlag
- Jostedalen nasjonalparksenter
- SNO (Statens naturoppsyn)
- KFUK-KFUM speidarane
- 4H
- Idrettslag
- Røde Kors
- Turløyper Stryn AS
- Stryn leirskule/Nordfjord fritidssenter

Av alle kommunar som grensar til Jostedalsbreen Nasjonalpark, er Stryn kommune den som har størst areal. Det er viktig med god tilrettelegging for friluftsliv i desse områda som gjev spesielle utfordringar. Vi er og ei av dei største reiselivskommunane på Vestlandet og om lag 750 000 turistar er innom kommunen per år. Planlegging og tiltak må og ta omsyn til denne målgruppa.

Ved bygging av anlegg for friluftsliv skal prinsippa om naturvenleg tilrettelegging leggjast til grunn, jf. Direktoratet for naturforvaltning sin nettstad «Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv».

Utfordringar

- Avgrense/unngå utbygging av dei mest eigna og brukte friluftsområda
- Avgrense slitasjen på naturen i nasjonalparken ved å kanalisere turgåarar på stiar
- Støy frå fly/helikopter
- Legge til rette for sentrumsnære turstiar
- Unngå at turstiar og turlandsskap gror att, skjøtsel og vedlikehald
- Fleire gang- og sykkelstiar
- Badeplassar
- Godt samarbeid med rettigheitshavarar

5.4. Folkehelse

Folkehelsearbeidet har heile befolkninga som målgruppe, både born og unge, vaksne og eldre. Hovudføremålet er å leggje til rette for at innbyggjarane får fleire år med god helse. Ei svært aktuell utfordring er å snu utviklinga i auken av livsstilsrelaterte sjukdomar. Det er ei utfordring for kommunen å motverke og redusere omfang av ein livsstil som gir uheldige helsemessige konsekvensar. Målretta tiltak for born og unge vil ha den aller største langsiktige effekten. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller borna sin trong for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former bør prioriterast. Når det gjeld ungdom er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstiller ungdomen sitt behov for utfordring og variasjon.

Arealplanlegging som gir tilgjenge til friluftslivområde, gang- og sykkelvegar, grøne uteareal, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg og liknande, vil ha stor verknad på om befolkninga kan ta gode val.
Deltaking i fysisk aktivitet har og verknad for folk si mentale helse. Sosial deltaking og tilhøyring er vel så viktige aspekt for mange, som sjølve aktiviteten – folk får både i «pose og sekk». Mestringsressursane våre er samansett av mange faktorar, der både aktivitet, deltaking og engasjement er viktig.

I folkehelsearbeidet er det dessutan viktig å motarbeide utvikling av sosiale helseskilnader i samfunnet, også lokalt. I den samanhengen er tilrettelegging for friluftsliv eit vesentleg verkemiddel. Friluftsliv set få krav til utstyr, det er rimeleg å drive med, det kan gjennomførast åleine eller ilag med, og det kan tilpassast fysisk form og alder.

6. ANALYSE AV KORTSIKTIGE OG LANGSIKTIGE BEHOV FOR AKTIVITET, ANLEGG OG OMRÅDE

Visjonen for idrettspolitikken er «idrett og fysisk aktivitet for alle». Det inneber at flest muleg skal få høve til å utøve idrett og fysisk aktivitet. Spesielt vil anlegg som harmonerer med aktivitetsprofilen til barn og unge bli prioritert, dvs. i aldersgruppa 6-19 år. Per i dag er verken barnehagebarn eller eldre i hovudmålgruppa, men dette kan endre seg dersom behova aukar. St.meld.nr. 26 – Den norske idrettsmodellen (2011-2012) har forsterka fokus på barn og unge, at personar med nedsett funksjonsevne på linje med andre skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet, samt at inaktive skal kome i gang med aktivitet.

Behov for anlegg

Generelt vurderer ein behova for rehabilitering av eksisterande anlegg til å vere større enn behov for nye anlegg, samt at ein vurderer behova for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg til å vere større enn behova for store kostnadskrevjande anlegg. I dette ligg det likevel eit behov for utbygging av nokre store kostnadskrevjande anlegg i planperioden. Det er viktig å vere open for at situasjonen kan vere meir nyansert og at eit generelt bilde ikkje nødvendigvis er i «sanning» for alle grupper/miljø.

Det blir viktig å finne ein balanse som på ein god måte kan ta vare på flest mulege behov og ønskjer, utan at dette får negative konsekvensar for laget sin økonomi, organisasjon og aktivitet, samt kommunen sin økonomi.

Etter å ha vurdert innkomne innspel frå lag/organisasjonar, samt møte med idrettsråd og plangruppe, har ein kome fram til kva anlegg det viser seg størst behov for i Stryn kommune dei neste 4 åra:

- Rehabilitering av eldre anlegg (lysløype, garderobar, skytebane/anlegg)
- Omlegging frå gras til kunstgras
- Nye anlegg (friidrett, kunstgrasbane, hall, klubbhus)
- Nærmiljøanlegg (mindre anlegg/ballbinge, turstiar)

I tillegg til dei prioriterte tiltaka i handlingsprogrammet, er det eit stort ønskje og behov for bygging av varmtvassbasseng frå ulike interessegrupper i Stryn kommune. Finansiering og areal er ikkje avklart, anlegget står difor oppført i uprioritert liste. Med fokus på kvardagsaktivitet og innspela til planen viser at det er behov for ei større satsing på gang- og sykkelvegar i kommunen. Det er og behov for aktivitetar som kan fremje fysisk aktivitet, både innandørs og ute.

6.1. Folketalsutvikling

Stryn kommune har eit areal på 1 382 km². Folketalet pr. 01.01.12 var 7 065. Dette betyr at det bur om lag 5 personar pr. km². Tilsvarande tal for Sogn og Fjordane er 6 og for heile landet 16. Ut frå dette er det relativt mykje areal pr. innbyggarane i Stryn kommune.

Folketilvekst 2001 – 2011 (SSB):

	2001	**2002**	**2003**	**2004**	**2005**	**2006**	**2007**	**2008**	**2009**	**2010**	**2011**
Folketalet 1.jan	6774	6734	6768	6855	6843	6779	6706	6769	6844	6967	7018
Fødselsoverskot	20	25	29	11	31	16	15	18	32	25	14
Nettoinnflytting	-58	10	60	-25	-95	-87	50	56	93	26	33
Folketilvekst	-40	34	87	-12	-64	-73	63	75	123	51	47



Befolkningsutviklinga frå 2001 til 2011 visar at folketalet er svakt aukande. Tabellen syner at folketilveksten skyldast til dels fødselsoverskot, men også ein stor grad av nettoinnflytting.

Busettingsmønster

Folketalsutvikling på skulekrinsnivå pr. 01.01.11 (fordeling av kvinner og menn og alderssamansetning i dei ulike krinsane i prosent av samla krinstal) (SSB):

Skulekrins	1970	1980	1990	2000	2010	2012	% endring 1970 – 2012
Storesunde	373	394	342	366	323	306	-18,0
Oppstryn	680	631	548	409	364	411	-39,6
Tonning	1737	2069	2431	2663	3071	3058	+76,1
Loen	412	551	576	602	707	758	+84,0
Olden	905	955	945	913	869	880	-2,8
Oldedalen	160	172	163	149	130	131	-18,1
Innvik	650	650	611	566	569	587	-9,7
Utvik	525	465	440	380	339	328	-37,5
Nordsida	426	478	454	427	413	425	-0,2
Rand	247	230	218	191	182	181	-26,7
Sum	6116	6614	6760	6666	6967	7065	15,5

Av krinsane har Loen og Tonning hatt ein solid vekst i folketalet. Oppstryn, Utvik og Rand har hatt ei særleg negativ utvikling.

Framskriving av folketalet

Folketalsframskriving for ulike aldersgrupper i Stryn kommune (SSB):

	2011	2020	2030	2040
0 år	79	95	99	97
1-5 år	476	503	537	521
6-12 år	651	735	787	787
13-15 år	303	301	332	350
16-19 år	407	421	442	472
20-29 år	827	913	920	945
30-39 år	839	918	941	887
40-49 år	958	993	1021	1030
50-59 år	885	987	1007	1029
60-66 år	569	569	687	677
67-79 år	633	893	988	1133
80-89 år	299	300	451	538
Over 90 år	92	83	94	155
SUM	7018	7711	8306	8621



Framskrivinga etter dette alternativet syner eit folketal på 8 621 innbyggarar i Stryn kommune i år 2040. Hovudtrekka i utviklinga som framskrivinga syner er følgjande:

- Dei unge årsklassane – 0-19 år – vil ha ein svak vekst heile perioden.
- Ei anna stor utfordring ligg i tilbodet til dei eldre. Gruppa over 67 år aukar med 78 % i perioden.
- Gruppa med dei eldste eldre, over 80 år, er forholdsvis stabil fram til 2023, men vi då auke sterkt fram mot 2040 – med 80 % i denne perioden.

6.2. No-situasjonen

I Stryn kommune driv ein stor del av innbyggjarane ulike former for fysisk aktivitet. Det bur om lag 7 000 i kommunen og av dei er ca. 3 000 medlem i eit av dei 13 idrettslaga. Deltaking i idrettslag, skyttarlag, bedriftsidrett, treningssenter eller eigentrening er døme på ulike alternative treningstilbod i kommunen.

Med stor aktivitet er det og høge forventningar til godt tilrettelagde idrett- og fritidstilbod. Stryn har gode idrettsanlegg, og godt tilrettelagde muligheiter for friluftsliv, noko som er positivt for å få fleire i fysisk aktivitet. Utbygging av fleire gang- og sykkelvegar er ei viktig oppgåve.

Idrettslaga er i hovudsak dei som eig idrettsanlegga i kommunen. Ansvar for både anlegg, drift, aktivitet og utvikling kan vere ei stor utfordring. Frivillig arbeid er i dag ofte «ad-hoc» basert, dvs at folk tek på seg ansvar i ei avgrensa periode / i samband med eit prosjekt, medan få tek på seg ansvar over fleire år. Gode rammevilkår og virkemiddel frå det offentlege er difor eit viktig bidrag for å oppretthalde den store og til dels sårbare frivillige innsatsen.

Organisert idrett

I kommunen er mange barn og unge aktive, noko som medlemslistene frå Idrettsregistreringa for 2011 viser. Dette er positivt, og noko ein må jobbe vidare med for å halde dei som er aktive, i aktivitet vidare. Det vil alltid vere behov for å legge betre til rette for fysisk aktivitet. Det er eit mål at alle skulane i kommunen har uteareal av høg standard som innbyr til aktivitet, leik og spennande utfordringar. Gang- og sykkelvegar som gjer skulevegen trygg og eit lett val for skuleelevane må prioriterast.

Medlemstal på aktive som er organisert innan idretten i Stryn (tal er basert på idrettsregistreringen 2011). Oversikta viser ikkje tal på aktive i t.d. skyttarlag.

Idrettslag	Medlem 2007	Medlem 2011	Endring
Hardbagg IL	119	129	+10
Loen IL	295	329	+34
Markane IL	255	324	+69
Olden IL	247	235	+12
Oppstryn IL	243	222	-21
StrynT&IL	847	1 163	+316
Veten IL	271	336	+65
Vikane IL	333	403	+70
Stryn Pistolklubb	Ikkje tal	20	
Stryn Golfklubb	377	300	-77
Stryn Luftsportsklubb	Ikkje tal	22	
Stryn Klatreklubb	78	96	+18
Stryn Motorsportklubb	181	108	-73

Det er mange ulike idrettsaktivitetar i Stryn kommune, men nokre skil seg ut som meir populære enn andre. Det gjeld m.a. fotball, handball, skiskyting, langrenn, skyting, sykkel og friidrett. Satsinga på dei ulike idrettstilboda er delt mellom idrettslaga i kommunen. Fotball er den idretten med flest aktive i kommunen. Det er difor viktig å ha fokus på å vidareutvikle tidsrette anlegg til denne type idrett. Omlegging frå grus/gras til kunstgras på eksisterande baner, kan bidra til å styrke aktiviteten rundt om i kommunen.

Når det gjeld fråfall innan idretten, så skjer det særleg i aldersgruppa 16-19 år. Krav om auka treningsmengde og prestasjonar gjer at mange sluttar. Undersøkingar syner at idrettslag som legg spesielt vekt på trivsel, dyktige trenarar og medverknad frå barn og unge sjølv, har funne ein god formel for å halde på ungdomane i idretten.

Eldre
Nokre idrettslag gir tilbod om eldretrim/pensjonisttrim. Stryn omsorgssenter og Vikane omsorgssenter har regelmessig tilbod om trim og dans.

Ein del eldre er medlemmar på treningssenter både i Stryn og i Olden.

Innvandrarar/minoritetsgrupper
Norges Idrettsforbund si haldning er at minoritetsgrupper skal delta på lik linje med andre i lokale etablerte idrettstilbod. Likevel veit vi at jenter med minoritetsbakgrunn deltek mindre i organisert idrett enn etnisk norske jenter. Det er difor viktig at ein aukar innsatsen, slik at denne

gruppa og kan bli meir aktive. Det finst fleire frivillige organisasjonar/instansar som kan nyttast som kanal til ulike innvandrargrupper.

Idrett og fysisk aktivitet for menneske med behov for tilrettelegging
Alle i kommunen skal ha same mulegheit til å drive idrett og fysisk aktivitet i sitt nærmiljø. Det er viktig at idretten tilbyr barn, unge og vaksne med nedsett funksjonstilbod gode aktivitets/treningstilbod.

Treningssenter/symjehall
Stryn kommune har i dag fleire treningssentre. Symjehallen ligg sentralt til og har god opningstid og mykje besøk. Treningssentera er gode arena for aktivitet og særleg mange kvinner trener her.

Eigenorganisert aktivitet
Barn og unge er raskt ute og hiv seg fort på nye trendar. Mange barn og unge er aktive utanom den organiserte idretten. Døme på det er ski, snowboard, skating, jogging, dans m.m. Dei raske endringane kan vere ei utfordring for kommunen, idrettslag og andre til å fange opp og bygge ut anlegg til – før dei er ute av trenden igjen. Nærmiljøanlegg i tilknyting til skular, barnehagar, idrettsanlegg eller i byggefelt som er tilgjengeleg og har uforpliktande bruk, er viktige for denne type aktivitet. Aktivitetsparken v/Stryn stadion, nærmiljøanlegg og ballbingar som er bygt rundt om i kommunen, er alle anlegg som fremjar aktivitet og som det er viktig at vi får fleire av der barn/unge oppheld seg. «Hoppskulebakken» er eit nytt nærmiljøanlegg og eit rekrutteringsanlegg i plast på K 8. Anlegget bør kome inn som eit supplement til andre nærmiljøanlegg.

Gang- og sykkelvegar
I plansamanheng har feltet fysisk aktivitet fått større merksemd – og viktige grep vert gjort for å sikre utbygging av gang- og sykkelvegar, turstiar, turdrag m.m. Likevel ser ein behov for ei raskare og meir omfattande utbygging av gang- og sykkelvegar rundt om i kommunen. Nokre strekningar er meir utsett enn andre og bør prioriterast høgt. Dette har og med trafikktryggleik å gjere.

Friluftsråd
I Nordfjord er det per i dag ikkje etablert friluftsråd. Friluftsrådet arbeider innan fleire felt, m.a. med informasjon og oppmoding om å drive friluftsliv. Friluftsrådet samarbeider med medlemskommunar, offentlege etatar og ulike organisasjonar for å fremje eit enkelt, aktivt og miljøvenleg friluftsliv. Kulturnettverk Nordfjord har teke initiativ til å få etablert eit friluftsråd i vår region. Per i dag er dette ikkje på plass, men det vert jobba vidare for å få dette etablert i Nordfjord.

6.3. Kortsiktige behov for anlegg og område

Statleg idrettspolitikk har som mål å medverke til bygging og rehabilitering av infrastruktur slik at så mange som råd kan drive idrett og fysisk aktivitet. Det offentlege har likevel ikkje ansvar for å etablere anlegg for alle typar særidrettar og ulike behov. Det er viktig og nødvendig at det vert gjort behovsvurderingar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Staten framhevar at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar til idrettsføremål er born og unge mellom 6-19 år.

Areal som skal avsetjast til idrett og friluftsliv skal:

- Vere eigna til aktiviteten som skal utførast
- Vere nær brukarane
- Ta omsyn til samlokalisering med andre funksjonar, som skule/grendahus
- Vere tilpassa terreng og landskap
- Ta omsyn til kulturminne og særeigne stadkvalitetar
- Knyte fleire idretts- og friluftslivskvalitetar saman
- Ta omsyn til eksisterande busetnad og bebuarar

Anlegg for idrett som skal styrast av fylkesdelplanen

Idrettshall
Både idretten og Stryn vidaregåande skule er i behov for auka hallkapasitet. Dersom ei utbygging av Strynehallen skal gjennomførast, må det utarbeidast planar som ikkje kjem i konflikt med fredingsvedtaket på Tingvolleigedomen. Stryn T&IL har sendt innspel til handlingsprogrammet om utbygging av fleirbrukshall/turnhall i 2014/2015. Fleirbrukshall er eit av dei anlegga som vert styrt av fylkesdelplanen for idrett og fysisk aktivitet. Anlegget må inn i kommedelplanen først for å kunne blir prioritert i ein revidert fylkesdelplan. Ved utbygging av ny fleirbrukshall bør Stryn T&IL vurdere heile prosjektet under eitt, der fotball, turn, treningsrom, testrom, garderobar / klubbhus m.m vert vurdert samla som eit større hallprosjekt.

Skyteanlegg
Bøanedsætra har status som hovudanlegg for skyting i Stryn kommune. I tillegg til dette anlegget har kommunen behov for fleire treningsanlegg, då avstanden til hovudanlegget er svært lang for mange og vi har stor skyteaktivitet i kommunen.

Skyttarlaget i Olden har to anlegg dei ønskjer å bygge ut. For å auke rekrutteringa til skyttarlaget ønskjer dei å prioritere utbygging av gamle Olden skule, til skyttarhus. På sikt vil skyttarlaget og bygge ny skytebane på Avleiåsen. Eit prosjekt som skal styrast av fylkesdelplan for idrett og fysisk aktivitet. Anlegget vert teke inn i den langsiktig del planen.

Kunstgrasbane / Fotball
Loen IL har behov for kunstgrasbane. Dei har gjeve melding om at dei ønskjer å legge kunstgras på eksisterande grasbane. Olden IL har sendt innspel til planen om behov for kunstgrasbane på eksisterande grusbane på Alda stadion. Begge anlegga er viktige for å auke aktivitetsnivået og brukstida på anlegga. Stryn T&IL ønskjer å legge kunstgras på eksisterande grasbane. Dette inneber at eksisterande bane må flyttast for å få dette på plass.

Anlegg styrt av kommunedelplan

Tennisbane/delanlegg friidrett
Stryn ungdomsråd peikar på behov og ønskje for ei tennisbane i sentrum. Etablering av ei slik bane bør vurderast i denne planperioden. Olden IL planlegg tennisbane i tilknyting til bygging av delanlegg friidrett i Olden.

Orienteringskart
Markane IL og Veten IL legg opp til utarbeiding av nye O-kart i planperioden. Markane IL prioriterer «Robjørgane» og «Hogden II».

Delanlegg friidrett
Det er behov og ønskje om eit delanlegg friidrett ved Olden skule. Anlegget skal m.a ha bane for basket, badminton og tennis. Det er krav til anlegg som skal ha status som delanlegg friidrett, m.a i høve til sprintbane, hoppfelt og kastfelt.

Hoppanlegg/ski
Bjørkelibakken har behov for ny speaker/rennkontor, samt at det er behov for generelt vedlikehald av hoppbakkane. Veten IL planlegg ny trase for skiløype Rosetstøylen-Raudfjell.

Rehabilitering av skytebane
Markane skyttarlag har behov for utviding og rehabilitering av skyttaranlegget på Sindre. Dei ønskjer utbygging av 100 m og 200 m haldet i planperioden.

Klubbhus
Loen IL og Stryn T&IL har gjeve innspel om bygging/reha.av klubbhus.

Nærmiljøanlegg og friluftslivsanlegg/område

Ballbinge/aktivitetsanlegg
Tonning skule, Stryn ungdomsskule, Storesunde skule, Oppstryn skule, Loen IL, Markane IL, Veten IL har alle meldt inn behov for utbygging av nærmiljøanlegg i planperioden.

Kunstisbane/Ishall
Det er ønskje om ei kunstisbane i sentrum. Både Stryn T&IL og Stryn vidaregåande skule har dette med i sine planar.

Sansehage
Stryn omsorgssenter med sjukeheim, omsorgsbustader for heil døgns omsorg og pleie og dagsenter, står framom ei stor utbygging/ombygging. I den samanheng vil det bli lagt stor vekt på nærmiljøet/hageanlegg tilpassa demente i samsvar med konseptet for sansehage. Sansehagen skal bidra til god livskvalitet og gje brukarane høve til å kome ut i frisk luft i naturlege, sansestimulerande omgjevnader for å oppleve ro og fysiske utfordringar i eit kjent miljø.

Friluftsliv

Plan- og næringsavdelinga har gjennomgått og utarbeidd ein fagleg rapport om dei viktigaste friluftsområda i Stryn kommune, samt gjeve tilråding om tiltak.

FRILUFTSOMRÅDE	AKTUELLE TILTAK
Tonningleirane Friluftsområde	Betre tilrettelegging av badedam i Vikaelva. Ferdigstilling av turveg opp til Vikavegen.
Skålastien	Vedlikehald av investerte tiltak i perioden 2008-2012.
Lysåra snarveg	Tilrettelegging med bord og benkar. Lys i nedre del av traseen. Tilplanting trevegetasjon. Utbetring av steinsatt bekkeløp.
Kjeldeflata Friluftsområde	Parkmessig tilrettelegging av området sør for Bedriftsbarnehagen. Tilplanting mellom turveg og Vipevegen.
Friluftsområde i Brulandsstranda	
Doksetøyra Badeområde	Opprydding etter flaum i Steindøla.
Den Trondheimske Postveg	
Dispaholmen Badeområde	Toalett, utvide parkering og etablering av sti forbi området.
Visnes Nærturområde	
Strynemila	Etablere sti i sone mellom Årheim og Sætre. Merking. Informasjonsopplegg.
Flofjellsvegen	Restaurering av steinsatt hesteveg forbi Stegholvatnet. Nytt rekkverk ved Stegholpasset.
Nos utsiktspunkt	Utvida parkering, betre utkikkspunkt med sikring. Betre sti til utkikkspunktet.
Avleinvika badeområde	Betre avkøyring til Avleinvika. Betre toalettopplegg. Rydding av strandsone

Det er og mogleg å sikre eit område for friluftsliv ved at det offentlige skaffar seg råderett over areal ved erverv av eigedomsrett, eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale), slik det er gjort for Tonningsleirane friluftsområde. Det er Direktoratet for naturforvaltning som forvaltar statens økonomiske midlar til dette føremålet. Dei statlege midlane tildeles kommunar og interkommunale friluftsråd, basert på søknader.

Ullsheim

Utarbeide naturstiar i område, m.a Kyrkevegen over Tverrfjellet

Lysløyper

Fleire av lysløypene i kommunen er opparbeidd som turvegar og har lys. Nokre av løypene er spesielt flott opparbeidd med sagflis, og er i tillegg gode tur/sykkelvegar om sommaren. Preparering av skispor er ei viktig oppgåve, og Stryn kommune gir eit årleg driftstilskot til Turløyper Stryn for preparering av skiløyper mellom Ullsheim og Stryn skisenter, som er ei av dei mest samanhengande skiløypene i kommunen på ca 40 km, i høgsesong. Dette er løyper av høg standard og stor bruksfrekvens.

Utandørs arena for streetbasket, sandvolleyball og liknande

Dette er aktivitetar for barn og unge uavhengig av organisering, og bør vurderast der det kan passe inn og vere naturleg.

Kulturminneløype

Opparbeiding av ei kulturminneløype som går innom dei 1500 år gamle arkeologiske funna i Bø, over «hengebrua» og til Årheim bør vurderast.

6.4. Langsiktige behov for anlegg og område

Idrettsanlegg
Det kan vere vanskeleg å vurdere behov som melder seg i eit langsiktig perspektiv. Utbygging av basisanlegg som fotballbaner/kunstgrasbaner og liknande heng i hop med tilflytting/innvandring, utbygging av bustader og skular. Det er og viktig å kunne legge til rette for nye tiltak/aktivitetar som kanskje ikkje har tradisjon hos oss frå før.

Utandørs symjebasseng
Det er ønskje om eit utandørs symjebasseng i tilknyting til eksisterande symjehall i sentrum. Tiltaket er ikkje kostnadsrekna eller avklart økonomisk og må difor stå i uprioritert oversikt til dette er avklart.

Varmtvassbasseng
Det gamle varmtvassbassenget vart stengt i 2006. Eit nytt basseng vil møte eit behov hos mange brukargrupper, og vil vere eit viktig folkehelsetiltak. For at anlegget skal kunne kome i posisjon til å søkje spelemidlar, må arealet til bassenget vere avklart, samt at finansieringa må vere i orden. Ettersom arealet og økonomien per i dag ikkje er avsett, vert dette sett i uprioritert langsiktige behov for anlegg.

Badeplass
Ved Vikaelva er det ønskje om å bygge ut ein badeplass. Område er og tenkt skal kunne nyttast til isbane om vinteren.

Skytebane
Stryn idrettsråd ønskjer ei avklaring på kva som skal skje i høve Stryn skyttarlag sitt anlegg på Bøanedsætra. Anlegget ligg i nær tilknyting til eit stort hytteområde, som står framfor ei større utbygging. Det bør avklarast om anlegget skal flyttast. Anlegget har status som hovudanlegg for skyting i Stryn kommune. Ny skytebane på Avleiåsen i Olden skal vere ferding hausten 2018.

Turnhall/basishall
Stryn T&IL har ei stor turngruppe og har behov for ein basishall der apparat står fastmontert og kan gjere treningane enklare. Det er utarbeidd ein anleggstype som er godkjend av Kulturdepartementet som *Basishall*, med storleik 460m2 og oppover. Ein slik hall kan bidra positivt til auka aktivitet for barn og unge i kommunen.

Arenabygg
Stryn T&IL ønskjer å bygge nytt arenabygg/klubbhus v/stadion.

7. ØKONOMI

Spelemidlar er staten sitt viktigaste verkemiddel for å få auka aktivitet blant innbyggjarane. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller barn- og unge sine behov for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former, er spesielt prioritert. For den enkelte utbyggjar er desse midlane svært viktige som medfinansiering i kostbare idrettsanlegg. Spelemiddelordninga omfattar ikkje sikring av friluftslivsområder eller parkering.

Den statlege støtta til aktivitetsretta verksemd går i første rekke til den organiserte idretten. Fordelingsnøkkelen av overskotet av tippemidlane har vore lik mellom kultur og idrett, denne vert no endra og idretten vil få ein større del av tippemiddeloverskotet i åra som kjem, medan kultur vil få sin del gjennom statsbudsjettet. Fram til no har fordelinga vore 45,5 % til idrettsføremål, 36,5 % til kulturføremål og 18 % til samfunnsnyttige eller humanitære føremål. I den nye meldinga til stortinget nr.26 «Den norske idrettsmodellen « er fordelingsnøkkelen endra, idretten får etter denne nøkkelen 64 % av midlane frå speleoverskotet, medan kultur skal ha si tildeling over statsbudsjettet. Ekstratilskotet til interkommunale anlegg vert auka frå 20 % til 30 %.

Kommunane skal prioritere søknadene i to grupper:

- Ordinære anlegg (omfattar og rehabilitering av idretts- og friluftslivsanlegg)
- Nærmiljøanlegg

For å kunne søkje om spelemidlar til eit anlegg, må anlegget vere prioritert i vedteken kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Anlegget må og ha idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning frå kommune eller kulturdepartementet.

7.1. IDRETTEN SIN ØKONOMI OG DRIFT

Medlemskontingent, sponsorinntekter, grasrotandel og kulturmidlar er viktige inntekter for idrettslaga. Idretten er tufta på frivillig arbeid og dugnad i ei eller anna form, og er ein føresetnad for klubbane si drift. Stryn T&IL er blitt så stor i medlemsomfang at dei har tilsett dagleg leiar. Medlemmane betalar kontingent m.a. for at idrettslaga skal kunne drifte anlegg, betale husleige osb. Stryn idrettsråd er ein paraplyorganisasjon for alle idrettslaga i kommunen. Rådet er ein viktig støttefunksjon for klubbane og ein god samarbeidspart for kommunen.

I samband med søknad om spelemidlar skal det utarbeidast ei oversikt over kostnader knytt til drift og vedlikehald av anlegget. Anlegg som skal rehabiliterast må i tillegg ta inn ENØK-tiltak som som skal utførast i samband med rehabiliteringa. Oversikta skal fylgje søknaden om spelemidlar.

7.2. NÆRMILJØ OG FRILUFTSLIV

Alle tiltak som er med i planen føreset eigendel i finansieringa, det gjeld og for nærmiljøanlegg og friluftsliv. Velforeiningar, idrettslag o.a legg inn stor dugnadinnsats som eigendel i finansieringa. Kommunale nærmiljøanlegg (skular, barnehagar) som søkjer må og stille med eigendel i finansieringa. Per i dag er det ikkje avsett midlar i økonomiplanen/budsjett som er øyremerka søknader knytt nærmiljøanlegg i kommunen. Dette er eit av tiltaka ein ønskjer å få på plass, slik at finansieringa av nærmiljøanlegga kan bli enklare for utbyggjarane og vi kan få fleire gode anlegg for barn og unge i kommunen.

Det vert ikkje gjeve tilskot frå spelemidlane til parkeringsplassar, gapahuk, badeplassar, badebrygger og liknande.

7.3. OFFENTLEG BIDRAG TIL IDRETTSFØREMÅL

SØKNAD OM SPELEMIDLAR GIR EIT BILDE AV KVEN SOM BYGGJER, EIG OG DRIFTAR IDRETTSANLEGG. SØKNADER FRÅ 2011 SYNER AT IDRETTSLAG, PRIVATE OG ANDRE ORGANISASJONAR STÅR FOR 56 % AV SØKNADENE, MEDAN KOMMUNAR, FYLKESKOMMUNAR OG KOMMUNALT EIGDE SELSKAP OG FØRETAK STOD BAK 44 % AV SØKNADENE.

AV 100 SØKNADER MED HØGAST KOSTNAD, ER 90 % AV DEI FRÅ KOMMUNAR/FYLKESKOMMUNAR ELLER SELSKAP MED HOVUDSAK KOMMUNALT EIGARSKAP.

Stryn kommune eig og driftar få idrettsanlegg, men er inne med:

- Årleg driftstilskot til Ullsheim og Bjørkelibakken
- Lån og avdrag kunstgrasbane Stryn stadion
- Årleg driftstilskot Stryn Turløyper
- Kommunal garanti ved bygging av større anlegg
- Drift og vedlikehald av Stryn symjehall
- Vedlikehald av kommunale nærmiljøanlegg/uteareal
- Kulturmidlar/driftstilskot til idrettsføremål
- Arrangementstilskot /marknadsføringstiltak
- Årleg tilskot til Stryn idrettsråd

7.4. KULTURBYGG

Staten kan gi investeringstilskot til lokale og regionale kulturbygg. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering/rehabilitering av kulturhus. Det vert ikkje gjeve tilskot til ordinært vedlikehald og drift. Tilskotet kan utgjere 1/3 av godkjende prosjektkostnader for kulturhuset. Ved samlokalisering med andre føremål, skal det gjerast ei kostnadsdeling av fellesareal og sambruksareal. Søknader skal sendast inn elektronisk til www.idrettsanlegg.no, søknaden vert gjennomgått av kommunen som vidaresender godkjende søknader til fylkeskommunen. Søknadsfrist til fylkeskommunen er 1.april.

8. HANDLINGSPROGRAM FOR AKTIVITET I PERIODEN 2017-2020

8.1. Skule og barnehage

Fysisk aktivitet og naturopplevingar skal bidra til at barn og unge får gode vanar og haldningar i høve aktivitet og friluftsliv.
Strategi:

- Barnehagar og skular har god tilgang til naturområder
- Alle skular har gode nærmiljø/aktivitetsanlegg
- Elevane blir motivert til å vere i fysisk aktivitet

TILTAK	ANSVARLEG	NÅR	MERKNAD
Utedag/aktivitesdag	Skular/bhg	Fortløpande	
Ekstra fysisk akt.i skulane	Skulane	Fortløpande	1 time fysisk aktivitet i 5.-7.klasse
Skidag	Skulane	Årleg	

Fysisk aktivitet i Den kulturelle skulesekken	Skulane	Årleg	Vert teke inn i samband med utarbeiding av DKS skuleprogram
Dans i kulturskulen	Kulturavdelinga	Fortløpande	Må ha tilsette med kompetanse i dans
SFO	Skuleavdelinga	Fortløpande	Eigen plan for fysisk aktivitet
Fotball fritidsordning	Skuleavdelinga/ Stryn fotball	Fortløpande	
Aktivitets-fritidsordning	Skuleavdelinga	Fortløpande	Gje Gass AS
Utarbeide heilskaplege planar for uteområde	Stryn kommune	I perioden	Vil kunne løyse ut midlar
Symjeopplæring 1.-4.klasse	Stryn kommune	Frå 2017	Oppstart dersom det vert innarbeidd i budsjett

8.2.Idrett og fysisk aktivitet

TILTAK	**ANSVAR**	**NÅR**	**MERKNAD**
Arealplanlegging Vurdering av arealbehov	Stryn kommune Stryn idrettsråd	Fortløpande	Sikre gode rammevilkår, sikre areal for organisert og uorganisert idrett/fysisk akt.
Legge til rette for varierte idrettsanlegg både for organisert og uorg.aktivitet	Stryn kommune v/planavdelinga /kulturavdelinga Idrettslag og velforeningar	Fortløpande	Vurdere ulike finansieringsformer
Legge til rette for konferansar og idrettsarrangement	Idrettslag i samarbeid med Stryn kommune og andre	Fortløpande	
Sikre tilskot til drift av idrettslag	Stryn kommune /kulturavdelinga	Fortløpande	Sikre/auke kulturmidlar til idrettsarbeidet i kommunen

Fritak for trening/leigeavgift for barn og unge	Stryn kommune Idrettslag	I perioden	Idrettslag og kommune må avgjere om og når dette kan innførast. Viktig verkemiddel for å få fleire barn og unge i aktivitet. Stryn kommune har innført fritak for leige for barn/unge i alle kommunale bygg/anlegg, med unntak av symjehallen.

8.3 Folkehelse

TILTAK	ANSVAR	NÅR	MERKNAD
Legge til rette for låg-terskeltilbod i alle bygdelag	Stryn kommune Lag og organisasjonar	Fortløpande	Arealplanar. Kommunedelplanar, skilting
Aktivitetstilbod for personar med særleg trong for tilretteleg.	Frivilligsentral, idrettslag, heimetenesta for funksjonsh.		
Terapibasseng	Stryn kommune / private		Det er ønskje om å få eit terapibasseng snarast råd. Vedtak om bygging og kostnader knytt til det må gjerast politisk.
Aktivitetstilbod for eldre	Frivillig senteralen og lag/ organisasjonar		Trimgrupper, aktivitetsdagar, seniordans, INT senior

Den kulturelle spaserstokken	Folkehelse-koordinator		
Gang- og sykkelvegar	Statens vegv./ Stryn kommune	Fortløpande	Behov for fleire gang- og sykkelvegar. Jfr Trafikktryggleiksplan
Symjeopplæring for alle	Stryn kommune		Kurs i symjing på fritid/sommarkurs

8.4. Friluftsliv

TILTAK	ANSVAR	NÅR	MERKNAD
Sikre gode friluftsområde	Stryn kommune / lag/organisasjonar	Fortløpande	Gjennom planar/areal
Sikre avtalar med grunneigarar	Stryn kommune	Fortløpande	
Barnas turlag	Indre Nordfjord turlag	Er i gang	
Legge til rette for sykkel og gåturar	Lag/organisasjonar/ private		
Etablere friluftsråd i Nordfjord	Lag/org./kommunar i Nordfjord	I perioden	Kultur- nettverk i Nordfjord jobbar med saka
Friluftsliv for minoritetsgrupper	Stryn kommune/ frivilligsentralen/ lag og organisasjonar		
Merking/skilting av turløyper	Stryn kommune /Reisemål Stryn og Nordfjord	Er i gang	
Onsdagsturen	Indre Nordfj.Turlag	Haust-vår	
Preparering av løyper	Turløyper Stryn AS	Fortløpande	
Tilrettelegging for funksjonshemma	Utbyggjarar	Fortløpande / sesong	
Utarbeide O-kart og turkart	Lag/organisasjonar	Fortløpande	

9.0 HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG

Handlingsprogrammet gir oversikt over anlegg som har behov for utbygging og søkjer spelemidlar i planperioden (2017-2020). Handlingsprogrammet vert rullert og politisk behandla kvart år. Større anlegg som skal styrast av fylkesdelplanen, må og vere prioritert i kommunedelplanen for å kunne kome i posisjon til å søkje spelemidlar.

Kategoriar/søknadslister:

- Ordinære anlegg (samordna liste for ordinære idrettsanlegg, friluftsanlegg og rehabilitering av anlegg)
- Nærmiljøanlegg

Langsiktige behov for anlegg – Uprioritert oversikt

Anlegg som står i langsiktig uprioritert oversikt kan «hentast opp» og takast inn i samband med den årlege rulleringa av handlingsprogrammet. Årlege søknader, samt justert oversikt over langsiktige behov vert behandla i kommunestyret samstundes med neste års budsjett for kommunen.

Prosess og medverknad 2016

- 08.03. Sak i skule- og kulturutvalet – Vedtak om vidareføring av planperioden og oppstart av revisjon av handlingsprogrammet i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020
- 09.03. Informasjon om oppstart av planarbeidet, annonse, brev til skular, lag og organisasjonar m.fl om frist for innspel
- 01.06. Frist for innspel
- 25.09. Handsaming av skule- og kulturutvalet med føremål offentleg ettersyn
- 05.9.-17.10 Offentleg høyring/ettersyn i seks veker
- 15.11. Politisk behandling i skule- og kulturutvalet
- 15.12. Politisk behandling og vedtak i kommunestyret